

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 25.03.2021

Kjell Gitton Håland (A) sette på vegner av V, SV, A, H fram slikt forslag:

«Alternativ

Nytt punkt 1: Ordninga tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar blir lyst ut med søknadsfrist 1. mai 2021. Vestland fylkeskommune set av 1 652 000 kr i tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar i 2021.

Nytt punkt 3: Ordninga tilskot til regionale ungdomsparti blir lyst ut i 2021, og det vert set av kr. 350.000 i tilskotsordninga.»

Avrøysting

Det var 14 representantar til stades.

Håland sitt forslag vart satt opp mot fylkesdirektør for kultur, idrett og integrering sitt forslag pkt.1.
Håland sitt forslag vart vedteke mot 4 røyster (FNB, PP,R, MDG)

Fylkesdirektør for kultur, idrett og integrering sitt forslag pkt. 2 vart samrøystes vedteke.

Håland sitt forslag vart satt opp mot fylkesdirektør for kultur, idrett og integrering sitt forslag pkt.3.
Håland sitt forslag vart vedteke mot 4 røyster (FNB, PP,R, MDG)

Vedtak

1. Ordninga tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar blir lyst ut med søknadsfrist 1. mai 2021.. Vestland fylkeskommune set av 1 652 000 kr i tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar i 2021.
2. Ved utrekning av støtte til organisasjonane frå tilskotsordninga blir medlemstal for 2019 eller 2020 lagt til grunn, saman med dei andre vurderingskriteria i ordninga. Fylkeskommunen legg det høgste medlemstalet frå dei to åra til grunn, for å kunne redusere tap i tilskot som følgje av korona-pandemien.
3. Ordninga tilskot til regionale ungdomsparti blir lyst ut i 2021, og det vert set av kr. 350.000 i tilskotsordninga.